

38285801



Åseral kommune

4540 ÅSERAL - tlf. 38 28 58 00 - fax 38 28 58 01

E-post adr: info@aseral.kommune.no

Internett adr: http://www.aseral.kommune.no

Til:	OED
v/	
Telefaxnr.:	22 24 95 68

Frå:	ÅSERAL KOMMUNE
v/	

Vert sendt som brev i tillegg:			Ja: <input checked="" type="checkbox"/>
			Nei: <input type="checkbox"/>
Haster		Til gjennomsyn	
Svar snarast		Kommenter	

Antal sider, medreikna denne:											
Melding:											
<p>Uttale til framlegg om endring i reglane for heimfall, NOU 2004: 26</p>											
<table border="1"> <tr> <td colspan="2">OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET</td> </tr> <tr> <td colspan="2">041 1944-238</td> </tr> <tr> <td colspan="2">DATO - 3 MARS 2005</td> </tr> <tr> <td>AN</td> <td>EKSP.</td> </tr> <tr> <td>521</td> <td></td> </tr> </table>		OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET		041 1944-238		DATO - 3 MARS 2005		AN	EKSP.	521	
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET											
041 1944-238											
DATO - 3 MARS 2005											
AN	EKSP.										
521											

Dato: 1/3-05

Underskrift: Birger Gjelstad

38285801



Åseral kommune

Arkiv: S10
 Saksmappe: 04/00707-4
 Sakshandsamar: Rune Stokke
 Dato: 23.02.2005

04/1944-230

UTTALE TIL FRAMLEGG OM ENDRING I REGLANE FOR HEIMFALL, NOU 2004:26

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
05/0023	Kommunalutvalet	01.03.05

Framlegg til vedtak:

Åseral kommune sluttar seg til mindretalet sine særmerknader i utgreiinga, men kommunestyret vil likevel få presisere:

1. Det bør være ei overorda målsetjing å sikre offentleg styring og kontroll med vasskraftsektoren, innafor marknadsmessige rammer og i tråd med "Hjemfallsutvalgets" hovudmandat om å sikre "langsiktig nasjonal handlefrihet, styring og kontroll med forvaltninga av vannkraftressursene". Det verkar ikkje som om fleirtalet har tatt inn over seg at det saka dreier seg om er eigarskapet til landets viktigaste naturressurs – vassdraga og til landets viktigaste infrastruktur – energiproduksjonen.
2. Fleirtalet sitt framlegg betyr at dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar vil få sine nå evigvarande konsesjonar omgjort til tidsavgrensa og med heimfall til staten av hovudtyngda av verdiane. Det blir ikkje gjort framlegg om verkemidlar som kan stimulere til kommunalt og regionalt eigarskap. Det blir heller ikkje ytt ein rettmessig kompensasjon for det tap dei lider på heimfallstidspunktet.
3. Berre dei offentlige eigarane som raskt sel sine kraftanlegg kan hauste ein økonomisk fordel, og denne fordel oppstår mest sannsynlig ved sal til utanlandske aktørar og bidreg derfor til det motsette av å sikre nasjonal kontroll som skulle være ei målsetting. Det bør difor vurderes å gi dei private evigvarande konsesjon for dermed å likestille aktørane. Alle nye konsesjonar for så vel offentlige som private gir heimfall. Det må også vil vere situasjonen for transaksjon over ein nærare fastsett del av selskapet.
4. Det kan heller ikkje være riktig å gi ein tilfeldig, og i dag ukjent konsesjonær ein lovbestemt evigvarande eigarrett til 1/3 av vasskraftanlegget på heimfallstidspunktet.
5. Kommunen stiller seg uforståande til at private konsesjonærar skal kunne oppnd ny konsesjon på 75 år frå lova sitt verknadsstidspunkt. Dette vil være å gje desse private milliardar av fellesskapets kroner.
6. Kommunen meiner og at saken fortener ein langt grundigare utredning i forhold til kva for handlefridom Noreg har i forhold til EØS-avtalen.

Sign: _____

38285801

7. Departementet må vurdere lengda på evt. konsesjonar. Sett i eit samfunnsutviklingsperspektiv synast alternativa 60 eller 75 år å vere for lenge.
8. Kommunestyret sluttar seg ut over dette til rådmannen si saksframstilling og syner til denne.

Trykte vedlegg

- 1 NOU 2004:26 Heimfall. Del I
- 2 Energiveteranenes høyringsuttale
- 3 Mail frå LVK 22.02.05
- 4 LVK sitt utkast til uttale.
- 5 Heimfallsutvalget sin innstilling - mindretallets synspunkter og forslag

Bakgrunn

Saka dreier seg om eigedomsretten til konsesjonar og anlegg i vassdrag som produserer kraft. Skal vi ha eit system der staten tek over eigedomsretten med jamne mellomrom eller ikkje? Skal det vere skilnad mellom private eigarar og offentlege eigarar? Korleis skal staten kompensere dersom dei tek over.

EFTA sitt overvaksingsorgan Surveillance Authority (ESA) reiste for ei tida attende spørsmål om dagens heimfallsregler er i strid med EØS-avtalen sine føresegner om fri etableringsrett og fri flyt av kapital. På bakgrunn i dette fremja OED den 29.11.02 eit framlegg om endring av regelverket. Etter sterkt press, mellom anna frå KS og LVK, blei "Heimfallsutvalget" sett ned. Utvalet si samsetjing går fram av vedlagte utdrag frå NOU 2004:26. Høyringsfrist for utvalet si innstilling er 1. mars 2005.

Dagens situasjon.

Heimfallsordninga ble innført av Stortinget for hundre år sidan for å sikre eit nasjonalt eigarskap til våre vasskraftressursar. Heimfallsordninga – som gir private/utanlandske eigarar tidsavgrensa konsesjonar med heimfall til staten og offentlege eigarar evigvarande konsesjonar – har sørga for at kraftsektoren i dag er eid av det offentlige med 90 prosent. Kraftsektoren har vore og er ein berebjelke i det norske samfunn, samtidig som sektoren råder over nokon av våre viktigaste naturverdiar. Frå 1906 ble det innført konsesjonsplikt og frå 1909 ble heimfallsretten innført i forhold til private verk. Heimfallsinstituttet ble seinare supplert med regler om "foregrepet heimfall" som innebær at det er høve til å la privat konsesjonær få fortsette ut over opphavleg konsesjonstid der samfunnsøkonomisk omsyn tilseier dette.

Dagens regler skil som sagt mellom offentlige eigarar og andre eigarar. Offentlige nasjonale aktørar (stat, fylkeskommune og kommune) har evigvarande konsesjonar. Dei øvrige er undergitt reglene om at fall og reguleringar vederlagsfritt skal tilfalle det offentlige etter 60 år. Vertskommunane vil få inntil 1/3 av verdien, mens resten vil tilfalle staten.

Eigarskapen innan vasskraftsektoren fordelar seg slik:

Sign: _____

38285801

	Med konsesjon, utan heimfall	Med konsesjon, heimfall	Konsesjonsfritt, utan heimfall
Komm./f.komm	40%		
Staten (direkte/indir.)	50%		
Privat		6,5%	3,5%

I eit "normalår" ligg kraftproduksjonen i storleiken 110-115 Twh på årsbasis.

Utvalet si innstilling:

1. Fleirtalet: Partielt heimfall.

Fleirtalet foreslår at det blir innført **partielt heimfall**. Dette inneber heimfall for alle uansett kven som er eigar. Heimfallet inntre 75 år etter lovendringa. Dette inneber at dei private som idag har heimfall får ein monaleg lengre konsesjonsperioden enn kva dei forventa. Dette inneber ei stor formuesoverføring til eigarane. Samstundes er det usemje om denne ordninga vil skape eit salspress blant offentlege eigarar eller ikkje. Motivasjonen for å selje vil truleg vere stor når ein ser at ein vil miste alt 75 år frå no. I tillegg vil det vere viktig å få sett så snart som mogleg fordi det er no er lenge til heimfall og den nye eigaren har god tid til å skaffe seg avkastning på investeringa si.

Fleirtalet vil vidare innføre ei ordning med kompensasjon for den eigaren som mister anlegget/konsesjonen. 6 av fleirtalet foreslår at dette skal skje ved at eigar beheld 1/3 av eigarskapet. I praksis betyr dette at fleirtalet går inn for evigvarande konsesjon på 1/3 av anlegget uansett om eigaren er offentlig, privat eller utlending. Heimfallet er dermed berre delvis (partielt). Dersom særlege samfunnsmessige omsyn tilseier det kan staten likevel løyse inn også dette, men da mot full erstatning

Eit mindretal på 6 i fleirtalet vil ha fullstendig heimfall, men eigar skal i staden få kompensasjon på 20% av verdien på anlegget.

Forholdet til EØS-avtalen har i stor grad vore motivasjonen for fleirtalet sitt syn.

2. Mindretalet: Transaksjonsmodellen eller rettighetsmodellen

Mindretalet LO, LVK og KS går prinsipalt inn for den såkalte **transaksjonsmodellen** som innebærer at dagens offentlege eigarar beheld sine konsesjonar uavkorta så lenge dei vil, med mindre bestemte transaksjoner skjer som vil utløyse dei nye reglane med heimfall. Slike transaksjonar vil for eksempel vere eit sal av eigardelar. Då vil heimfall skje 75/60 år etter kjøpet same om konsesjonæren er offentlig eller privat. Poenget i høve til EØS-avtalen er at dette alternativet likestiller alle kjøparar.

Dersom det viser seg at transaksjonsmodellen ikkje let seg gjennomføre p.g.a. EØS-avtalen går mindretalet subsidiært inne for den såkalla **rettighetsmodellen**. Denne inneber at det blir innført tidsavgrensa konsesjonar også for dagens offentlege eigarar. Etter at den nyinnførte konsesjonsperioden på 60 år er over, skal desse ha ein andel eller erstatning for det heimfalle anlegg på 45%.

Ordninga med kompensasjon gjeld berre offentlege eigarar og skal stimulere til vidare offentlig eigarskap.

Sign: _____

38285801

3. Utleige av kraftverk:

Eit samrøystes utval sluttar seg til at det må vere mogeleg å leige ut kraftverk innafør konsesjonsperioden. Dette er eit spørsmål som treng meir utgreiing.

Vertskommunane sin posisjon:

Eit samla utval gjer framlegg om at vertskommunane sin situasjon forblir uendra. D.v.s. ein rett på *inntil* 1/3 av verdien eller del av kraftverket blir vidareført. Utvalet er likevel splitta i den forstand at eit fleirtal på 9 tilrår at innafør 3-delen så skal det vere ei fordeling av kompensasjonen mellom kommunen og ein større region (les fylke).

Storleiken på kompensasjonen til kommunen er relatert til produksjonen ved den heimfalne konsesjonen. Etter kva ein forstår skal kompensasjonen likevel alltid vere på 1/3. Stik at jo større produksjon jo meir får regionen på bekostning av kommunen. Motivasjonen for denne ordninga er betre fordeling innafør ein større region og for å redusere overføringa til frå før forfordela kraftkommunar!

Situasjonen i høve til EØS-avtalen:

Staten har i fleire år og ved fleire høve sagt at EØS-avtalen ikkje omfattar heimfallsordninga. Utvalet sin EØS-utgreiing uttaler at EØS-avtalen er bestemmende og at dagens regel er i strid. Han avviser og transaksjonsalternativet (d.v.s. mindretalet sitt framlegg). Seinare er det komen utalar frå ekspertar som ikkje er samd i dette.

Elles er det verd å minne om at leiaren for utvalet har uttalt at fleirtalet la avgjerande vekt på synspunkta til utvalet sin EØS-ekspert når ein avviser transaksjonsmodellen.

Vurdering

Nasjonalt eigarskap?

Heimfallsordninga blei innført for 100 år sida for å sikre nasjonalt eigarskap til vasskraftressursane. Etter rådmannen sitt syn er det behov for å sikre den nasjonale eigarskapen også i tida framover.

Kraftsektoren er ein berebjelke i samfunnet og har stor innverknad for velferda til den einskilde innbyggjar. Vesentlege deler av vasskraftressursane bør difor ikkje varig hema på private eller utanlandske hender. Vi har mange gonger fått høyre samanlikninga med Brasil og vårt eige land. Båe landa har store naturressursar, herunder vasskraft, men utviklinga i velferda er ganske ulik, i alle fall ulikt fordelt. Den store skilnaden er at i Brasil er naturressursane på private eller utanlandske hender medan i Noreg er det offentleg som eig det meste.

Sjølv om det er marknadskreftene og pengane som rår i bransjen så ligg det ein tryggleik i nasjonalt offentleg eigarskap.

Rådmannen kan ikkje sjå at fleirtalet fører nokon vektig argumentasjon for kvifor det er viktig å overføre eigarskapet til private og utlendingar. Heller ikkje kan ein sjå at fleirtalet har gitt noko klar beskriving av verknadane endringa vil ha.

Sign: _____

38285801

EØS-avtalen:

Situasjonen i høve til EØS-avtalen er openbart ikkje haldbar. Kva som eigentleg er situasjonen må snarast mogeleg avklarast. Her står ekspertane mot kvarandre. Staten har ved fleire høve uttalt at EØS-avtalen ikkje gjeld for denne samfunnssektoren. Samstundes går staten sine representantar inn for fleirtalsinnstillinga og legg der stor vekt på tilhøvet til EØS-avtalen.

Heimfallsaka er så grunnleggjande viktig for nasjonen at vi kan ikkje avgjere denne saka før alle tilhøve kring EØS-avtalen er brakt på det reine. Regjeringa må difor ta ei initiativ over for ESA for å avklare kva handlingsrom avtalen gjev oss og så må saka løysast med utgangspunkt i dette.

Fleirtalet si innstilling:

Slik rådmannen vurderer det vil fleirtalet si innstilling føre til eit stort salspress på dei offentlege eigarane. No vil det sentrale vere å få ut mest mogeleg pengar av kraftverket før staten kjem å tek over. Løysinga er då å selje så snart som mogeleg.

Fleirtalet si tilråding når det gjeld iverksetjing (75 år frå lovendringstidspunktet) betyr ein stor føremon for dagens private eigarar som har heimfall i sin konsesjon. Dei får plutselig forlenga sin tilgang til eit stort økonomisk gode i nye 75 år. Dette må liggje utanfor alle økonomiske kalkylar som blei gjort då eigarskapet starta opp og må vere ein rein gåvepakke.

Taparen her er kommunane som går og ventar på heimfall og som ser at det blir skutt 75 år ut i tid. Dette tapet må staten kompensere for.

For dagens offentlege eigarar betyr fleirtalet si innstilling at ein mister ein viktig inntektskjelde og formuesobjekt, noko har kalla det eit ran. Når ein ser at inntektskjelda vil forsvinne må ein gjere det beste ut av situasjonen. Det må vere å selje seg ut medan verdien på anlegga er på topp og det er like etter at ei evt. heimfallsordning blir ein realitet.

Mindretalet sitt framlegg:

Rådmannen sitt utgangspunkt om nasjonalt eigarskap blir best oppfylt av mindretalet. Slik ein vurderar det vil det ikkje gje intensiver til sal. Dersom det likevel blir sal av noko omfang så vil heimfall inntreffe etter 60 år. (Ein vil nedanfor koma nærare inn på lengda på konsesjonstida.)

Ein må ta atterhald om at det blir avklart om transaksjonsalternativet er eit realistisk alternativ i høve til EØS-avtalen. Dersom så ikkje er tilfelle må ein setje seg ned å tenkje på nytt.

Ei alternativ løysing:

Det er eit faktum at det som har initiert heile denne sak er eit krav om at privat/utanlandsk eigde og offentleg eigde verk blir handsama ulikt med omsyn til heimfall.

Omlag 10% av kraftforsyninga er eigd av private. Omlag 6,5% eller 7 Twh. er underlagt heimfall. Resten er konsesjonar før 1909 og ikkje underlagt konsesjon eller heimfall.

Sign: _____

38285801

Etter rådmannen sitt syn ville ei meir naturleg løysing på heile sakskomplekset vere at dei aktuelle 6,5% blir fritteke frå heimfall. Dette vil gje lik handtering av offentlege og private verk utan stor formuesoverføring og salspress. Ei slik ordning må følgjast opp med ein regel om heimfall dersom det blir omsett eigardelar. Kor mykje som kan omsetjast utan heimfall må avklarast og ordninga må gjelde alle konsesjonærar, både nye og gamle. Ei slik ordning vil ikkje gje salspress, men kommunar som venter på heimfall frå private konsesjonar vil lide tap og det same vil staten. Etter sigande skal dette beløpe seg til omlag 4,5 mrd. Dette er eit problem som må løysast.

Denne alternative løysinga må også gjerast gjeldande for private verk som i dag ikkje har ervervskonsesjon (fordi dei er frå før 1909). Dette utgjer 3,5% av kraftforsyninga.

Rådmannen er kjent med at dette er ei løysing som er vurdert i utvalet, men kostnadene har gjort at det er blitt lagt til side. Dersom alternativet er at eit problem knyta til mindre enn 1/10 av kraftforsyninga skal få følgjer for 90% av bransjen, må det vere betre at staten går inn med midlar for å løyse problemet på den måten som her er skissert. Til dømes Oslo kommune har gitt uttrykk for at dei vil krevje erstatning frå staten dersom heimfall blir innført. Dersom kommunane ikkje nyttar høvet til å selje ut kraftverka kan staten stå overfor stemningar med ein verdi langt over dei private verka.

Konsesjonstid:

Utvalet sine alternativ til konsesjonstid er 60 eller 75år. Fleirtalet tilrår 75 år. Etter rådmannen si vurdering bør ei kortare konsesjonstid bli vurdert.

Kraftutbygginga i landet kom i gong i byrjinga 1900-talet. I evighetens perspektiv er 75 år ikkje mykje å snakke om, men for landet og for den einskilde innbyggjar er 75 år, men og 60 år ein ganske lang periode. Tenk berre på korleis utviklinga i Noreg kunne ha vore dersom vi dei siste 75 åra ikkje hadde hatt kontroll over vasskraftressursane. Samanlikninga med Brasil har blitt nemnt før og parallellen er vel ikkje så unaturleg å trekke. 60 år er sjølvsagt eit meir akseptabelt tidsrom, men ein bør likevel vurdere å redusere konsesjonstida til 30-40 år.

Redusert konsesjonstid vil sjølvsagt ha innverknad på prissetjinga av verka. På den andre sida kan det bidra til å redusere salet.

Konsesjonstidas si lengde heng nøye saman med kva for alternativ som blir valt. Ved heimfall frå lovendringstidspunktet vil 30 års konsesjonstid auke salspresset monaleg. For transaksjonsalternativet og løysinga rådmannen har skissert, vil verknaden koma på prissetjinga av anlegga.

Tidspunktet for handsaming i Stortinget:

Det er tidlegare peika på uvissa som er knyta til tilhøvet til EØS-avtalen og behovet for samtaler med ESA som følgje av dette. Denne saka er så viktig at ho ikkje kan eller bør handsamast i Stortinget før ein har fått dei naudsynte avklaringar på dette feltet og har gått rundar med ESA.

Situasjonen for Åseral kommune:

Kommunen er som kjent både eigar i kraftverk og vertskommune for utbyggingar. Spørsmålet er kva for innverknad kan denne saka ha for oss dersom ein tek utgangspunkt i

Sign: _____

38285801

fleirtalsinnstillinga? Dei ulike alternativa vil gje ulike følgjer, men dette vil seie seg ganske klart og det vil trekke for langt å gå i detalj inn på alle saman. Ein held seg difor til fleirtalet sitt framlegg.

Vertskommune:

Det vil bety at det blir heimfall på dagens konsesjonar om 75 år. Kva for formuesoverføring det vil bety er litt uklart, men det blir fort store summer. Regionen skal og ha sitt. I ho grad ein skal "tenke på seg sjølv" eller nasjonen blir ei vurdering. På den andre sida er vi sjølv ein del av nasjonen og ei kortsiktig glede kan fort bli til ulemper!

Eigarkommune:

Ved eit heimfall vil vi behalde 1/3 av eigardelen i AE for evig. Vi har motteke ei verdivurdering frå Pareto Securities som tilseier at dei 2/3 som blir konfiskera utgjer vel 100 mill. Staten kan overta heile eigardelen dersom vesentlege samfunnsmessige omsyn tilsier dette, då mot erstatning.

Kopi til:

Arkiv

KS

LVK

Olje- og energidepartementet

Postboks 1378, 0114 OSLO

Postboks 471 Sentrum, 0105 OSLO

Postboks 8148 Dep., 0033 OSLO

Sign: _____